

Storfint besøk i Dønhaugkjellaren.

19.03.2017



Christina Dahl og musikerane hennar presenterte herleg musikk i Dønhaugkjellaren.

Magisk er vel eit ord som ofte vert brukt når noko er usansynleg flott og godt. Derfor brukar eg nettopp det ordet for å beskriva opplevinga den danske jazzkvartetten med saksofonisten Christina Dahl som frontfigur gav publikum laurdag kveld. Husnes jazzklubb kan føra ein ny toppkveld inn i arrangementsprotokollen sin.



Publikum sette stor pris på musikken.

Det er lett å skjønna at Christina Dahl er ein av Danmarks absolutt fremste jazzsaksofonistar. Saman med seg hadde ho også eit topplag med Jesper Lundgaard(bass), Niclas Knudsen(gitar) og Espen Laub von Lilienskjold(trommer). Alle dei fire musikerane briljerte på instrumenta sine, men utan å overspela. Dei fungerte

som ei godt samspela eining. Dei var eit glimrande komp til Christina Dahl, og innimellom varta alle opp med brillante soloparti.

All musikken var laga av Christina Dahl, og den var svært melodios, ja, det var rett og slett balsam for både øyre og sjel. Ho batt også nummera fint saman med å fortelja historiane som låg bak komposisjonane. Dette gav publikum eit ekstra utbyte av musikken.

Det er flott at Husnes jazzklubb hentar slike klassemusikarar. Det gjev flotte opplevingar. Publikum som var i Dønhaugkjelleraren var storveis fornøgd med kvelden. Kjellaren er også eit svært godt eigna lokale. Rett nok hadde det vore plass til fleire, men vi vel å sjå det som gledeleg at talet på uskedelingar var tosifra.

Det vert fleire jazzgodbitar i Uskedalen framover våren. Allereie 1.april er det klart for konsert med Jazzverket og Vegard Døssland på Oska. Jazzverket har tidlegare spelt med Christina Dahl, og dei var på plass blant publikum i kveld. Tre veker etter den konserten er det klart for nytt storfint besøk i Dønhaugkjellaren når superduoen Flieflet/Hamre vitjar jazzklubben, og i mai kjem Marita Moe Sandven(vokal) og Ole Amund Gjersvik(kontrabass) tilbake til Oska. Mykje å glede seg til!



Flott konsert i triveleg lokale.

Tekst, foto og nett: Thor Inge Døssland